



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår referanse 2022/113-7

Dato 28.09.2023

Kommunestyret

Partsbrev - Budsjett 2024 for kontrollutvalet

Vedlagt følger partsbrev frå møte i kontrollutvalet 13.09.2023 i «PS 22/23 Budsjett 2024 for kontrollutvalet»

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Saksframlegg med vedtak



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/113-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	22/23	13.09.2023

Budsjett 2024 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Saksprotokoll 13.09.2023 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om budsjettforslaget slik det kjem fram av saksframlegget og vedlegg til saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Talark Budsjett 2024 - KU i Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for politiske organ, som er vedteke av kommunestyret 25.09.2013, ajourført i februar 2018 står det i pkt. 4.6.2:

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal laga forslag til budsjett, som skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2024. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstilla direkte overfor politisk organ.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Lovgrunnlag.

§ 23-2.Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3.Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4.Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Formuleringane i disse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Kommunestyret vedtok nye planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i 2020. Det er teke med 140 timar til planarbeid for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll som vert starta opp i 2024, for ny planperiode.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggjast inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Fitjar kommune sin storleik.

Erfaring frå kommunane dei siste åra viser at det kjem til prosjekt, som kontrollutvalet vert oppmoda om å sjå på, og som ikkje er med i planar for forvaltningsrevisjon / eigarskapskontroll. Dette har ofte ført til kostnader som har medført at kontrollutvalet har måtta be om ekstra midlar / ekstraløyving. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett å leggja inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette vil vera midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Grunnlag for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera henvendingar frå innbyggjarar, medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan. Det er lagt inn 50.000 kroner til denne posten i budsjett for 2024. Dette var også med i budsjettforslaget for 2022 og 2023.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtalen med ekstern revisor. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. For 2024 er det budsjettert med auke i tråd med SSB sine berekningar.

Vidare er det lagt til grunn 5 møte i kontrollutvalet i 2024, med om lag like stor saksmengd som inneverande år. Det er vidare lagt inn kostnader med kurs, og at medlemmane i kontrollutvalet kan

delta på fagkonferansar samt servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til kommunen. Det er og satt av ei pott til folkevaldopplæring for medlemmene i kontrollutvalet.

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og tal møte. Kostnader er berekna i tråd med ny avtale som er inngått mellom Fitjar kommune og Vestland fylkeskommune for åra 2023 til 2026, inkl. konsumprisregulering.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegg til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Fitjar kommune for 2024

Konto	Tekst	Budsjett forslag 2023	Vedteke budsjett 2023	Budsjett forslag 2024
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 57,473	kr 57,473	kr 59,788
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 10,000	kr 10,000	kr 10,000
10804	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr 1,200	kr 1,200	kr 1,200
	Delsum	kr 68,673	kr 68,673	kr 70,988
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 9,683	kr 9,683	kr 10,009
	Delsum	kr 78,356	kr 78,356	kr 80,998
11008	Faglitteratur / abonnement	kr 2,000	kr 2,000	kr 2,000
11152	Servering møter / kurs, representasjon	kr 2,500	kr 2,500	kr 2,500
11500	Kurs og folkevaldopplæring	kr 10,000	kr 30,000	kr 35,000
11600	Skyss- og kostgodtgjersle	kr 5,000	kr 10,000	kr 5,000
11951	Kontingent	kr 3,700	kr 3,700	kr 4,000
12702	Andre konsulentten./ ekstra tilt.midlar	kr 50,000		kr 50,000
13500	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 191,500	kr 191,500	kr 222,360
13700	Revisjonstenester reknesk.revisjon	kr 154,860	kr 145,000	kr 163,222
13700	Rev.ten. for.rev./eigask.kontr.	kr 395,694	kr 200,554	kr 417,068
13700	Revisjonstenester planarbeid			kr 194,632
	Delsum	kr 815,254	kr 585,254	kr 1,095,782
14290	Meirverdiavgift	kr 196,988	kr 95,920	kr 272,695
17290	Moms-kompensasjon	kr -196,988	kr -95,920	kr -272,695
	Total budsjetttramme	kr 893,610	kr 663,610	kr 1,176,779